

## **STYREMØTE 21 AUGUST 2018 – SAK 14/18 SELSKAPSKONTROLL.**

Deloitte har gjennomført selskapskontroll av KIM AS. Rapporten vart lagt fram for kommunestyret i Lindås i sak 036/18 - 18/18711 - Melding frå kontrollutvalet 21.06.2018

Link til Lindås kommune si handsaming av selskapskontrollen finn du her: [Lindås kommune - Selskapskontroll KIM AS](#)

**Selskapskontrollen rettar fokuset mot 3 områder:**

- A. Eigar – Lindås kommune sitt ansvar
- B. Styret sitt ansvar
- C. Dagleg leiar/ selskapet sitt ansvar

### **A. EIGAR – LINDÅS KOMMUNE SITT ANSVAR:**

Lindås kommune har gjort vedtak i saka, der kommunen teke selskapskontrollen til orientering. I dette ligg det at ein vil fylge opp eigar sitt ansvar knytt til rapporten.

Slik eg ser det som dagleg leiar er det viktig at styret kjem i gang med sitt arbeide så tidleg som mogleg. Som dagleg leiar har eg starta arbeidet med å rette forbettingsområda som ligg til dagleg drift av selskapet.

### **B. STYRET SITT ANSVAR:**

I Deloitte sin selskapsrapport er forbettingspunktata knytt til styre følgjande:

**Revisjonen vil tilrå at kommunen følger opp at KIM gjennomfører følgjande tiltak:**

1. Styret bør vurdere å i større grad nytte sin instruks, og følgje punkta fastsatt i den.
2. Utarbeide skriftlege rutinar som omhandlar frekvens og innhald for styreevalueringar .
3. Styret bør vurdere meir systematisk opplæring av (nye) styremedlemmar. Dette kan gjerne skje i form av styreseminar som tar opp tema som roller, ansvar og oppgåver for styremedlemmane.
4. Styret bør vurdere å utarbeide ein årleg plan for sitt arbeid .
5. Styret bør vurdere å utarbeide skriftlege retningsliner for vurdering av habilitet i samsvar med KS sine retningsliner.
6. Alle styremedlemmar bør registrere sine styreverv i styrevervregisteret slik KS tilrår.

### **C. DAGLEG LEIAR/ SELSKAPET SITT ANSVAR:**

**Dei viktigaste områda for dagleg leiar og dagleg drift av KIM AS**

<b>Forbettingsområde:</b>	<b>Status:</b>
<b>Forbettingsområder som er retta pr dd.</b>	<b>Dette har det blitt arbeida med i perioden fram til dd.</b>
Fleire ulike dokument som viser ulike etiske retningsliner ved KIM	Etiske retningsliner er gjennomgått og innarbeida i personalhandboka.
Stillingsskilringar er ikkje oppdatert og manglar oppgåver og fyllmakter	Stillingsskilringar inkl. oppgåver og fullmakter er gjennomgått og innarbeida i personalhandboka.

Visjon og mål for selskapet og avdelingar går fram på ulikt vis i ulike dokument.	Visjon og mål er innarbeida i personalhandboka
Det er ikkje etablert eit tilfredsstillande system for å melde og fylge opp avvik	Avvik systemet er gått gjennom med personale og sett i system.
Det er ikkje utført vernerundar	Vernerunde for 2018 er gjennomført. Ingen alvorlege avvik vart avdekka. Det er laga handlingsplan for retting av avvik.
<b>Forbettingsområde, starta opp men ikkje avslutta pr dd.</b>	
Det er ikkje gjennomført jamlege risikovurderingar av selskapet	Dette arbeidet er starta opp. Avdelingane har gjennomført risikokartlegging på kvar enkelt avdeling. (Utført 14.08.2018) Står att å vurdere konsekvens og kor truleg det er at hendinga kan oppstå. Planlagt ferdig i løpet av september.
Det er ikkje etablert eit tilstrekkeleg system for oppfølging av internkontroll og HMT (Helsemiljø og tryggleik).	Dette er ein kontinuerleg prosess. Me har starta opp rutinar for å kunne evaluere system for oppfølging av internkontroll. M.a. vernerundar, samarbeide med bedriftshelsenesta medarbeidarsamtalar, personalmøter mm. HMT perm er under revisjon.
HMT rutinane inneholder ikkje rutinar ved vald eller trugslar og andre alvorlege hendingar	Det er utarbeida rutinar – <b>Beredskapsplan for alvorlege hendingar</b> . Rutinane er ikkje innarbeida i HMT systemet pr dd. Må gjennomgåast og evaluerast før dei vert innarbeida i personalhandboka.
Deloitte meiner det er fleire tilhøve som tilseier at KIM AS er underlagt forskrift om industrivern - Næringskode 88-994	Dagleg leiar har kontakta NSO Næringslivets sikkerhetsorganisasjon. Har oppretta ein god dialog med rådgjevar som har ansvar for Hordaland. Rådgjevaren meiner at KIM AS mest truleg tilfredsstille krava til å få dispensasjon frå regelverket. Summen av reint produksjonsretta aktivitet i KIM AS er truleg for liten til at me skal ha same regelverket som m.a. Equinor. Har avtala møte med rådgjevaren i oktober/november 2018. Formell innmelding er uansett allereie gjort frå KIM si side.
KIM AS fylgjer ikkje offentleglova	Det er starta eit arbeid for å finne ut om KIM er underlagt offentleglova. Så langt kan det sjå ut til at saker som har vore til behandling hjå fylkesmann gjev ASVL bedrifter medhald i at ein <b>på visse vilkår</b> IKKJE skal fylgje offentleglova i høve til innsyn i postlister osv.  Dersom ei ASVL verksemrd har meir enn 50 % av inntektene sine frå konkurranseutsett produksjon, er ein IKKJE underlagt offentleglova.

	<p>KIM AS har meir enn 50 % av inntektene frå konkurranseutsett verksemd.</p> <p><b><u>Sjå vedlegg/ utkipp vedlagt:</u></b></p>
KIM As må setje i verk tiltak for å auke brukarmedverknaden.	<p>Dette er og eit kontinuerleg arbeide, og difor kjem under gul kategori.. Så langt i 2018 har ein sett i verk følgjande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomført brukarundersøking blant VTA tilsette. Denne er i tråd med Deloittes krav om at den skal samordnast med andre ASVL bedrifter.</li> <li>• Planlagt og gjennomført fleire personalmøter for alle tilsette.</li> <li>• Tatt i bruk «forslagskasse»</li> </ul> <p>Har og under planlegging innføring av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukarråd med representantar frå VTA tilsette</li> <li>• Pårørandemøte på kveldstid for alle VTA tilsette. Under planlegging hausten 2018.</li> </ul>
Forbettingsområde som ikkje er starta opp pr dd.	
KIM AS fylgjer ikkje lov om offentlege anskaffingar	Har ikkje teke tak i dette pr dd. Av prioriteringsomsyn. Har ikkje planar om større innkjøp ut over noko nytt IKT utstyr. Planlagt investeringar på IKT er under kr 100 000.- Andre investeringar eller avtalar er ikkje planlagt.
Deloitte meiner at KIM AS bør utarbeide rutinar for økonomistyring, og heller ikkje for budsjettoppfølging	Det er så langt ikkje utarbeida skriftlege retningslinjer for økonomistyring. Alle innkjøp ved KIM AS går i dag via dagleg leiar. Dette gjeld likevel ikkje utgifter til heilt normale driftsutgifter som bensin og mindre innkjøp for å halde drifta i gang.

Knarvik 13.08.2018

Morgan Taule  
Dagleg leiar KIM

**Vedlegg:**

**Klagebehandling - Avslag på innsyn i postjournal - Helgeland Industrier AS - Klage fra Helgelands Blad ikke tatt til følge**

Det vises til avisens brev hit av 11.02.09. Vi beklager den lange saksbehandlingstiden.

**Etter en gjennomgang og vurdering av opplysningene i saken har Fylkesmannen kommet fram til at offentleglova ikke gjelder for Helgeland Industrier AS. Det er etter en helhetsvurdering konkludert med at selskapet hovedsakelig driver næring i direkte konkurranse og på samme vilkår som private og at unntaket i loven derfor kommer til anvendelse.**

**Klagebehandling - Avslag på innsyn i postjournal - Dønna ASVO AS - Klage fra Helgelands Blad tatt til følge**

Det vises til selskapets brev hit av 30.04.09. Vi beklager den lange saksbehandlingstiden.

**Etter en gjennomgang og vurdering av opplysningene i saken har Fylkesmannen kommet fram til at offentleglova gjelder for Dønna ASVO AS. Det er ved avgjørelsen lagt til grunn at Dønna ASVO AS hovedsakelig driver næring i direkte konkurranse med private, men at selskapet på grunn av betydelig offentlig støtte ikke anses for å ha de samme vilkår som sine konkurrenter.**